



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs  
Telefon: 57643135  
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato  
29.08.2014  
Dykkar dato  
04.08.2014

Vår referanse  
2013/1099 - 561  
Dykkar referanse  
201103007-

Noregs vassdrags- og energidirektorat

[nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

### **Tilleggsmerknad til søknaden om løyve til å byggje Øvrebø kraftverk, Jølster kommune**

Vi viser til e-posten datert frå NVE 30.6.2014 med vassføringsdata for sideelva frå Ålhusdalen.

I fråsegna vår datert 29.4.2014 tilrådde vi at det bør utgreiast eit alternativ med kraftverksavlaup ovanfor Øvrebøfossen, for å oppretthalde dei viktige natur- og landskapsverdiane knytt til fossen. Vidare sa vi at om fossen vert bygt ut, vil det vere viktig å sikre både eit høgt nok minstenivå og ein viss dynamikk og variasjon i vassføringa.

Nedslagsfeltet til Ålhusdalselva er monaleg mindre enn feltet som skal byggjast ut, og avrenninga per areal i lågvassperiodar er også mindre samanlikna med feltet ovanfor inntaket. Dette går også fram av dei oppgjevne verdiane for alminneleg lågvassføring og 5-persentilar.

Vi vurderer at Ålhuselva vil bidra til ein viss dynamikk og variasjon i vassføringa, men at bidraget saman med den planlagde minstevassføringa frå inntaket ikkje vil vere tilstrekkeleg til å oppretthalde dei viktige natur- og landskapsverdiane knytt til fossen. Utifrå foto i søknaden kan det sjå ut som at vassføringa må opp minst mellom av 0,22 m<sup>3</sup>/s og 0,48 m<sup>3</sup>/s for landskapsopplevinga sin del. Vi er usikre på om det er tilstrekkeleg for naturmiljøet i bekkekløfta med fosseeng.

Fylkesmannen opprettheld dermed fråsegna datert 29.4.2014 om at det bør utgreiast eit alternativ med avlaup ovanfor fossen.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvernssjef

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Jølster kommune